

Ny norsk språkhistorie

Brev til medarbeidarane, november 2011

Kjære medarbeidrarar!

Vi har i fleire år vore i ein planleggingsfase med prosjektet. På dagnaden vår under MONS i Trondheim i 2009 laga vi ein revidert detaljdisposisjon, og etter den tid har redaktørar og medarbeidrarar kunna orientere seg inn mot feltet og planleggje skrivinga. Nå er skrivinga i gang! Det kan vi markere med eit orienteringsbrev til alle. Første manusseminaret vårt går av stabelen rett etter MONS i Tromsø i november og gjeld som planlagt bind 2, som er først i løypa. Der blir hovudfokuset retta mot sjølve tekstformingo. Vi vil bruke manusutkasta for å diskutere kva form som eignar seg best for dette verket. Dermed kan seminaret bli retningsgivande også for resten av binda. Vi skal lage ei oppsummering om det og sende ut til alle etterpå.

Framdriftsplanen

er som før, og vi minner om den her:

	Haust 2012	Vår 2013	Haust 2013	Vår 2014	Haust 2014	Vår 2015	Haust 2015
Første manus til seminar	Bind 2	Bind 3&4	Bind 1				
Seminar på revidert manus		Bind 2	Bind 3&4	Bind 1			
Korrektur & sats			Bind 2	Bind 3&4	Bind 1		
Bindpresentasjon				Bind 2		Bind 3&4	Bind 1

Fagseminar

hausten 2010: eldre ny tid (1536-1814), ansvarleg Kjartan

hausten 2011: ideologi og språkhistorieskriving, ansvarleg Tove

hausten 2012: indre språkhistorie (språkendringar) etter 1814, ansvarleg Helge

hausten 2013: etermedium

Nytt

Heilt nytt er det at Ernst Håkon Jahr har bedt om å få trekke seg frå arbeidet som hovedredaktør. Etter at han (uventa for han sjølv!) kom inn i bystyret i Kristiansand i haust, følte han at oppgåvane han hadde på seg, blei for mange. Redaksjonsgruppa har derfor gått inn for Agnetha Nesse som ny hovedredaktør, som då skal samarbeide med Helge. Agnetha er for tida postdoktor ved Universitetet i Bergen. Når perioden der er over, kan ho gå tilbake til fast stilling ved Høgskolen i Bergen.

Etter at Kjartan Ottosson døydde i fjar, måtte vi gjere nokre endringar i disposisjonane. Det var alt avtalt på førehand at Helge skulle vere vara til bindredaktøransvaret for bind 2. Til kapitla Kjartan skulle skrive, måtte vi få inn nye redaktørar og

skribentar. Hans Olav Enger tok på seg morfologikapittelet i bd. 2, og han skriv der saman med Philipp Conzett. Kapittelet om tida 1536–1814 i bd. deler Oddvar Nes og Agnete Nesse.

Som ny medlem i redaksjonsgruppa utnemnte ILN i Oslo Lars S. Vikør. Heile redaksjonsgruppe ser nå slik ut:

Tove Bull, Brit Mæhlum, Michael Schulte, Agnete Nesse, Helge Sandøy, Inge Særheim, Ernst Håkon Jahr, Lars S. Vikør og Kristin Bakken.

Ansvarsfordelinga

Dette omfattande skrivesamarbeidet krev ein del organisering for at alt skal gli, og for at det skal fungere best muleg har redaksjonsgruppa vedtatt desse retningslinjene mellom dei ulike redaktørnivåa:

EMNEREDAKTØRAR

Kvar emneredaktør har ansvaret for at det blir levert manuskript til "sitt"("hans/hennar") kapittel til rett tid og etter avtalt opplegg. Emneredaktøren avgjer sjølv kven han/ho vil ha med som medforfattar(ar).

BINDREDAKTØRAR

- har ansvaret for framdrifta av sitt bind og for dei aktuelle manusseminara
- har kontakten med emneredaktørane etter at disposisjonen er godkjent våren 2010
- samordnar artiklane i bindet ved å kontrollere mot for store overlappingar og sikrar kryssreferansar
- kommenterer språk og stil. (Berre eitt formalkrav når det gjeld rettskriving: Kvar forfattar skal halde seg innafor ei av dei to offisielle målformene.)
- organiserer kritisk og fagleg kontrollesing hos fagfellar

HOVUDREDAKTØRAR

- skal godkjenne dei reviderte disposisjonane som kjem inn etter at emneredaktørane har fått merknadar til førsteversjonen, dvs. våren 2010.
- lagar instruksjonar for artikkelutforminga
- vurderer førsteversjonen av artiklane og peikar saman med bindredaktørane på slikt som bør omarbeidast
- sender inn søknader om finansiering på vegner av redaksjonen
- har ansvar for samarbeidet med forlaget

Disposisjonane

Disposisjonane for heile verket kan de finne på
<http://folk.uib.no/hnohs/NNS/Disposisjon.pdf>

Det vil komme eit par endringar der i løpet av vinteren, men siste versjon vil ligge på denne adressa. Eg vil be kvar emneredaktør sjekke at vi har fått med oss alle medforfattarane i denne disposisjonen.

Redaksjonsmøte i november

Rett før MONS i Tromsø held redaksjonsgruppa møte. Av sakene som blir tatt opp der, er m.a. meir detaljerte prinsipp for utforminga av manusa. (Som kjent er sidetal og sidestørrelse avgjort før.) Vi skal sende ut dei når dei er klare. Elles skal vi diskutere ein skriftleg avtale med forlaget. Foreløpig har vi hatt ein munnleg avtale med Novus.

Vennleg helsing frå

Agnete og Helge